

## Notat

Dato: 04.09.2018  
Arkivsak: 2015/1434-668  
Saksbehandlar: thoaare

---

Til: Fellesnemnda AU

Frå: Prosjektleiar

---

### Budsjett- og rekneskapssystem for Vestland fylkeskommune

#### Prosjektleiar har gjort slikt vedtak:

For å halde nødvendig framdrift i høve avklaring av administrative system, vedtek prosjektleiar følgande i samsvar med fullmakt frå fellesnemnda:

1. Prosjektleiar vel å vidareføre Visma budsjett- og rekneskapssystem for Vestland fylkeskommune frå 2020.
2. Delprosjektansvarlege får saman med støtte frå innkjøpsfunksjonen, fullmakt til å forhandle fram ein revidert avtale med Visma.

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn

Fellesnemnda vedtok i sak 04/17 «Delegering av mynde til fylkesrådmennene/prosjektleiar» å gje følgjande mynde til prosjektleiar. I samsvar med vedtaket har prosjektleiar vurdert korleis vi best kan gå fram for å fastsetje eit felles budsjett- og rekneskapssystem for Vestland fylkeskommune som er operativt 01.01.2020.

### 2. Prosjektleiar si vurdering

Prosjektleiar legg til grunn delrapport frå delprosjektgruppe 6.4 Rekneskap. Rapporten gjeld punkt a) i mandatet der prosjektgruppa skal foreslå kva budsjett- og rekneskapssystem som skal nyttast i Vestland fylkeskommune.

Rapporten går igjennom kontraktsverdien for Hordaland fylkeskommune sin kontrakt frå 2016. Rapporten har vidare overslag over kostnader med innføring av nytt system og årlege vedlikehaldskostnader. Implementeringskostnadene er rekna til kr. 1 310 000,- og for årlege vedlikehaldskostnader er overslaget kr. 687 500,-.

Det vert peika på tre alternativ for installasjon og drift. Vi kan a) nytte dei fysiske installasjonane i høvesvis Sogn og Fjordane eller Hordaland, eller b) etablere eit nytt fysisk miljø der ny infrastruktur ver bygd opp.

Delprosjektgruppa har så langt ikkje fått avklart om alternativet med å nytte etablerte fysiske miljø i det heile er reelt. Med bakgrunn i erfaringane frå installasjonen i Hordaland, tilrår prosjektgruppa alternativet med å etablere eit nytt fysisk miljø i nytt domene. Rapporten gjennomgår til slutt kva konsekvensar dette valet vil ha med omsyn til organisasjonsnummer, artskontoplan, ansvarskontoplan, og løn og integrasjonar elles.

Prosjektleiar vel etter ei samla vurdering å vidareføre Visma budsjett- og rekneskapssystem for Vestland fylkeskommune frå 2020.

Delprosjektansvarlege får saman med støtte frå innkjøpsfunksjonen, fullmakt til å forhandle fram ein revidert avtale med Visma.